



■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2013/1827

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 13.12.2013	Fylkeshuset, møterom 102

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Sølvi Hanssen		Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Birgitte Moe	

Andre:
Tove Istad, NAV Arbeidslivssenter
Rådgivar Richard Muller, sak 17/2013
Byggje- og vedlikehaldssjef Per Olaf
Brækkan, sak 21/2013

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	31.3.2014

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Saksliste

16/2013	<p>Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta - revisjon</p> <p>Planen består av fem delar med vedlagte malar/verktøy. Planen tar for seg overordna mål og føringar for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta og innhald også vilkår og rammer for individuell deltaking på kompetansetiltak. Planen gir føringar for dei distriktsvise kompetanseplanene som skal rullerast åreleg. Dei føreslåtte endringane gjeld m.a. omtale av RDT og noko endra vilkår for deltaking på kompetansetiltak.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T godkjenner revidert utgåve av "Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta, 2014-2015".</p>
17/2013	<p>Medarbeidertilfredsheitsundersøking (MTM) 2013 - resultat og vidare oppfølging</p> <p>Rådgivar Richard Muller orienterte om MTM-resultata i tannhelsesektoren. Forslaget er at resultata skal gjerast kjent for alle tilsette i fellessamlingar. Det blir gjennomført 5 distriktsmøte i januar/februar for å orientere og aktivt involvere alle tilsette i oppfølginga. Hovudfokus på møta blir medarbeidarundersøkinga og regional delplan. Desse to tema vil fylle ein heil dag, og vi ser for oss eit "verkstads-format", der alle skal delta og utvikle bevisste haldningar til utviklingsområde i tannhelsetenesten. Den vidare oppfølginga vil skje på den enkelte klinikk, med utarbeiding av handlingsplan på klinikknivå.</p>

	<p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om medarbeidertilfredsheitsundersøkinga (MTM) 2013 til orientering.</p>
18/2013	<p>Regional delplan tannhelse - vedtak og vidare oppfølging Det vart orientert om fylkestinget si behandling av planen 15. oktober, hovudpunkta i planen og korleis planen er tenkt følgd opp.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om sluttbehandlinga av Regional delplan tannhelse til orientering.</p>
19/2013	<p>Sjukefråversutvikling 3. kvartal 2013 Fråverstala for 3. kvartal, brote ned på fråversintervall og distriktsnivå, vart gjennomgått. Sjukefråveret er lågt samanlikna med tal for same kvartal i perioden frå 2007 til 2012. Det er framleis store distriktsvise variasjonar. Utvalet diskuterte generelle førebyggjande tiltak. Tove Istad frå NAV orienterte om status i arbeidet med ny IA-avtale.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om sjukefråversutviklinga 3. kvartal 2013 til orientering.</p>
20/2013	<p>Orientering om retningslinjer for byggjesaker (jf. sak 12/2013) og aktuelle byggjeprosjekt i tannhelsesektoren Byggje- og vedlikehaldssjef Per Olaf Brækkan orienterte om reglar for saksgang, organisering og ansvarsnivå i fylkeskommunale byggjeprosjekt. Det blir vist til lysark i saksoversikten for møtet.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om reglar/retningslinjer for byggjeprosjekt til orientering.</p>
21/2013	<p>Orientering om funksjonsprogram for distriktstannklinikk i Elnesvågen, Fræna kommune Byggje- og vedlikehaldssjef Per Olaf Brækkan orienterte. Etter stenginga har tannklinikken vore lokalisert ved Distriktstannklinikken St. Carolus. Det har vore dialog med Fræna kommune for om mulig å få til eit samarbeid om ein ny tannklinikk. Kommunen har no selt helsesenteret, og ser etter nye lokale til legekontor. For å sikre at tannklinikken sine behov vert ivarettatt i eit eventuelt nytt senter har Fylkestannlegen i samarbeid med Byggje- og vedlikehaldsseksjonen utarbeidd eit funksjonsprogram inklusive detaljerte funksjonskrav til lokalar og utstyr.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om funksjonsprogram for distriktstannklinikk i Elnesvågen, Fræna kommune til vitande.</p>
22/2013	<p>Møteplan for SAMU-T 2014</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T godkjenner møteplana for 2014 slik det går fram av saksframlegget.</p>
23/2013	<p>Open post</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hege M. Vartdal bad om at fristen for fastsetting av ferie vart flytta frå 1. mai til 1. april. Fylkestannlegen vil ta forslaget til vurdering. • Fylkestannlegen orienterte om at ein masterstudent i organisasjonspsykologi ønskjer å ta utgangspunkt i MTM-resultata i tannhelsestenesta i si masteroppgåve, og at ho vil følgje eitt eller fleire av distriktsmøta i januar/februar 2014.